

Innovasjonsprosjekt i offentlig sektor

Eit innovasjonsprosjekt i offentlig sektor skal bidra til at offentlig sektor innoverer tenester, infrastruktur og forvaltning på ein berekraftig, systematisk og effektiv måte. Prosjekta blir gjennomførte i samarbeid med FoU-miljø og andre relevante aktørar.

Kva er målet med innovasjonsprosjekt i offentlig sektor?

Innovasjonsprosjekt i offentlig sektor skal bidra til samarbeid mellom verksemdar i offentlig sektor og forskarar for å auke den kunnskapsbaserte omstillinga av samfunnet.

Prosjekta skal ta utgangspunkt i offentlig sektors behov og utfordringar. Prosjekta skal inngå i planane for dei offentlege verksemdene for utvikling.

Samarbeid mellom forskarar og offentlig sektor løftar kvaliteten på innovasjonane, fører til at ein større del av prosjekta blir realisert, aukar tilfredsheita blant dei tilsette og hevar kompetansen til alle involverte.

[Dette er innovasjonsprosjekt i offentlig sektor \(video\)](#)

Når kan du søkje?

Vi lyser vanlegvis ut støtte til innovasjonsprosjekt i offentlig sektor årleg med søknadsfrist i september. Desse utlysingane blir publiserte på nettsidene i løpet av våren same år. [Abonner på nyheitsbrevet vårt for å halde deg oppdatert om utlysingane våre.](#)

Kva meiner vi med innovasjon?

Innovasjonar forstår vi her som nye eller vesentleg forbetra varer, tenester, prosessar, organisasjons- og styringsformer eller konsept som blir tatte i bruk for å oppnå verdiskaping og samfunnsnytte.

Kven kan søkje?

Einingar i offentlig sektor, samanslutningar av slike og organisasjonar som representerer offentlig sektor, kan søkje. Eventuelle unntak frå dette vil vere spesifisert i utlysinga.

[Sjå definisjon av offentlig sektor.](#)

Kva kan du søkje om støtte til?

Forskningsrådets støtte til innovasjon i offentlig sektor gjeld FoU-aktivitetar.

I prosjektskildringa skal du også beskrive andre aktivitetar og tiltak som er nødvendige for å realisere innovasjonen, men vi finansierer ikkje kostnader til dette. Relevante projektkostnader er personalkostnader, eventuelle kostnader til stipendiatar og direkte prosjektutgifter.

Aktuelle temaområde

Vi støttar innovasjonsprosjekt innan ei rekkje ulike tema. Dei siste åra har vi blant anna støtta prosjekt innanfor:

- helsetenester
- arbeids- og velferdstenester
- omsorgstenester
- barnevern
- utdanning

- transport og mobilitet
- digitalisering
- bioøkonomi
- byplanlegging
- tryggleik
- ung utanforskap

I tillegg har vi ofte ein open pott til innovasjon i kommunar og fylkeskommunar. Vi støttar også ein type innovative innkjøp som heiter [førkommersielle innkjøp](#).

Forskringsrådetets rolle

Vi har ansvaret for å mobilisere forskingsmiljø, næringsliv og offentlege aktørar til å engasjere seg i kunnskapsutvikling og omstilling i offentlig sektor. Vi skal sørge for at relevant forskning blir utvikla og blir gjort tilgjengeleg, slik at kunnskapen kjem samfunnet til gode.

Publisert 30. jan. 2019 | Oppdatert 22. aug. 2023

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 12. mai 2025, kl. 17.13 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.